



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Mona Fauskanger, 5557 2203

Melding om tilskot i 2019 til psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene – kap 765 post 60

Fylkesmannen viser til søknad av 13. desember 2019 om tilskot til ei 100 % stilling for psykolog i kommunen.

Tildeling av tilskot

Fylkesmannen gir med dette tilskot på kroner 410 000,- til psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene over kapittel 765 post 60 på statsbudsjettet for 2019. Tilskotet blir gitt til:

Stilling	Verksemd	Tilsett i 2018	Tildeling	Overført frå 2018	Til utbetaling
100 %	Helseavdelinga, avd. for psykisk helse og rus	9 mnd	410 000	100 000	310 000

Tilskotet gjeld i 12 månader frå 1. januar 2019.

Utbetaling for 2019 blir kr 310 000,-

I tilskotet er det inkludert kr 10 000 per stilling som er øyremerka til deltaking på nasjonal samling for leiarar og psykologar som Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid (NAPHA) arrangerer, og deltaking på samlingar som Fylkesmannen og regionale kompetansesenter arrangerer.

Tilskot i 2019 er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og de har difor ikkje høve til å klage på vedtaket eller vilkåra i dette brevet.

Bruk av midlane

Midlane skal nyttast til formålet dei er gitt til dette budsjett- og kalenderåret, jf., søknaden, regelverket for dette tilskotet og krava i dette brevet.

- Midlane skal nyttast til delvis dekking av lønnsutgifter dette året. Det er ein føresetnad at kommunen bidreg med eigenfinansiering til lønnsutgifter som overstig tilskotbeløpet per budsjettår.



- Kr 10 000 per stilling skal nyttast til kompetanseutvikling som omtalt ovanfor.

Utbetaling og krav til stadfesting

Tilskot blir først utbetalt når

- Fylkesmannen har fått og godkjent rapport for fjorårets tilskot (rapport om måloppnåing og økonomirapport)
- Fylkesmannen har fått tilbake den vedlagde stadfestinga i utfylt og underskriven stand., sjå vedlegg. Ver venleg å fylle ut og sende stadfesting til fmvlpost@fylkesmannen.no snarast.

Rapportering

Kommunen skal rapportere til Fylkesmannen innan 1. februar 2020 i den elektroniske tilskotsløsinga som blir publisert på www.fylkesmannen.no i god tid før rapporteringsfristen.

Det er ikkje krav om revisorattestert rekneskap. Økonomirapportering skal gjennomførast i eigenerklæringsskjema som følgjer den elektroniske tilskotsløsinga og blir publisert på www.fylkesmannen.no. Skjemaet skal kontrollerast og godkjennast av økonomiansvarleg eller ein annan med same mynde i kommunen.

For tiltak som går over fleire år, skal kommunen sende rapport kvart år dei har fått tilskot for.

Rapporteringa skal mellom anna innehalde:

Omtale av korleis og i kva grad måla for tilskotet er nådd. Kriteria for måloppnåing er:

- kva målgruppe(r) arbeider psykologen inn mot?
- Kor stor del av oppgåvene/stillinga går til:
 - system- og samfunnsretta arbeid
 - rettleiing/fagstøtte til tilsette/tenester i kommunen
 - helsefremjande og førebyggjande arbeid
 - lågterskel behandling/oppfølging, utreiing og diagnostisering
- kva type forpliktande tverrfagleg samarbeid og/eller fleirfagleg fellesskap inngår psykologen i?
- korleis vert brukarmedverknad på individ- og systemnivå ivareteke i tiltaket, [jf. Regelverk for ordninga](#), punkt 6.
- tidspunkt for tilsetjing og stillingsprosent for psykologstillinga(ane)

Ubrukt tilskot

Tilskotet er gitt for bruk i 2019. Tilskotsordninga blir avvikla 31.12.2019. Om de på slutten av dette året har ubrukt tilskot, kan de søkje om å få overføre tilskotet i eitt (1) år. Dette krev ein kortfatta søknad per brev eller e-post til Fylkesmannen.

Kontroll og dokumentasjon

Fylkesmannen har rett til å kontrollere at tilskotet er brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i Bevilgningsreglementet.



Vi gjer merksam på at Riksrevisjonen har høve til å kontrollere at tilskot blir brukt etter føresetnadane, jamfør lov om Riksrevisjonen § 12 andre ledd.

Med helsing

Anne Grete Robøle
fagdirektør

Mona Fauskanger
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Regelverk for tilskotsordning: Psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Rekrutteringstilskot
2. Stadfesting for utbetaling av tilskot 2019

Kopi til:

Meland kommune v/Tord Moltumyr Postboks 79 5906 FREKHAUG